



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 17/2016

Møtedato: 22.6.16

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

## S543, Strø – søknad om inngjerding av stølstun og omlegging av veg.

Ole Høyne søker om å få gjerde inn stølstunet. Vegen forbi selet går rett ved sidan av kårselet. Vegen går fram til m.a. feste 407. Ved inngjerding av stølstunet må veg leggast om.

Høyne skriv følgjande i søknad:

*Dette er eit ønske som har kome over tid, men det viser seg no att dette er vorte meir aktuelt med bl. a. meir turisme i Strø.*

*Med resultat direkte herved og forsepling rundt det gamle selet, ( Eg kan vise til mange episoder) Men også for å få ei betre sankekve / laste plass for eige mjølkekyr vi har på stølen om sommaren. Og for å unngå møk frå beitedyr som går i fjellet.*

*Saka er drøfta med Ranum, særleg p.g.a. at eg må fløta litt på vegen .*

*Denne vegen er privat og har alder vore i saman med stølsvegen, eg har derfor alt vedlikehaldet fram til krysset med stølsvegen i Strø.*

*Vegen blir brukt ned til hytta som min søster har. Ho er orientert og seier dette er ok for henne. Men det er ein veg som også blir brukt av fiskara og folk som vii ga tur til fjells. samt i forbindelse med sykkelstigen og beitedyr. Derfor kan ikkje denne ferdselen hindrast.*

*Derfor ønsker eg å lage ny veg på øversida, der stigen går i dag. Omtrent ei vegbreidd lenger opp forbi selet.*

*Eg tek alle kostnader og har eigeinteresse i å få det så fint som det går. Elles er det tenkt å lage slikt gjerde som det elles er brukt rundt stølen. Forslaget er inntegna på kart som ligg ved.*

*Dette vil lette arbeide for oss som har mjølkekyr på stolen, og skulle ikkje vera til hinder for andre.*



Inngjerding av stølsvoll ligg i stølsretten, men utviding av arealet er søknadspliktig. Slike små grensejusteringar har fjellstyret, etter avtale med Statskog, behandla utan nærare høyring. Omlegging av veg er ei grunndisponeringssak som blir avgjort av Statskog etter uttale frå fjellstyret.

Fjellstyret såg på saka saman med søkjar under befaring den 20.6.16.

### Framlegg til vedtak

Fjellstyret godkjenner utviding av stølsvollen slik det er søkt om, på vilkår av at Statskog godkjenner omlegging av vegen forbi stølen. Fjellstyret tilrår omlegging av vegen.

### Vedtak:

Fjellstyret godkjenner utviding av stølsvollen slik det er søkt om, på vilkår av at Statskog godkjenner omlegging av vegen forbi stølen. Fjellstyret tilrår omlegging av vegen.

I følge §28 i forvaltningsloven kan enkeltvedtak klagast over. Tilråding frå fjellstyret er ikkje enkeltvedtak og kan ikkje klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 29.6.16

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Ole Høyne  
Berit Ingrid Høyne  
Statskog  
Vestre Slidre kommune